



Sjøtroll Havbruk vil leggja anlegget sitt rett vest for Jektholmen, som ligg på den andre sida av Skorpo – i retning mot Tysnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innan 5. februar skal kommunen ha inn eventuelle merknader til søknaden frå Sjøtroll Havbruk AS i Bekkjarvik om flytting og utviding av det oppdrettsanlegg dei frå før har løyve til å driva på utsida av Skorpo. Etter ei flytting vil anlegget bli liggjande rett vest for Jektholmen og nesten rett nord for høgste toppen på Skorpo.

- Anlegget kjem noko lengre ut i fjorden i høve til tidlegare godkjenning, seier saksbehandlar Arne Handegard til uskedalen.no.
- Er det noko kontroversielt ved denne justeringa?
- Eg skulle ikkje tru det, men det er mange omsyn å ta i ei sak som denne og eg kan nemna to: Ein må tenkje på fyrlyktene og ikkje komma innanfor det som kallast hvit sektor. Dette hindrar at anlegget blir lagt enda lenger ut. Eit anna viktig moment er dette med avstanden til andre anlegg, som bør vera så stor som mogeleg, seier Handegard.

Det var i oktober i fjor Sjøtroll Havbruk søkte om justering samt utviding av lokaliteten ved Skorpo, men det synt seg at deler av anlegget i denne søknaden vart liggjande inne i eit område som kommunen har disponert som fleirbruksområde i kommuneplanen – utan at akvakultur/havbruk inngår i slik fleirbruk. Viss Sjøtroll ville opretthalda ein slik justering, måtte det søkjast om dispensasjon etter planlova. Sjøtroll møtte planadministrasjonen i kommunen og det vart einigheit om å trekkja søknaden om lokalisering ut forbi det fleirbruksområdet som ikkje omfattar akvakultur/havbruk.

Difor har Sjøtroll seinare søkt om ny justering av anlegget ved Skorpo samt utviding fra 1.560 tonn til 3.120 tonn biomasse. Bakgrunnen for søknaden er å slå saman drifta ved det eksisterande anlegget ved Skorpo (1.560 tonn) med godkjent biomasse på Eidsvik (1.560 tonn) litt lenger inne i fjorden. Avstanden mellom Eidsvik-anlegget til Sjøtroll og anlegget til Marine Harvest AS ved Ølvaneset er nå 3,5 kilometer. Etter den justering som det er søkt om vil avstanden mellom dei to anlegga auka med 1,1 kilometer.

Viss Sjøtroll får godkjendt sin søknad slik den no føreligg vil dei trekkja sin godkjendte lokalitet ved Eidsvik (Snilstveitøy). Det blir altså ikkje drift med større biomasse på det omsøkte anlegget enn det selskapet hadde godkjendt for Skorpo og Eidsvik tidlegare. Sjøtrolls nye prosjekt er i tråd med Mattilsynet sitt ønskje om å få størst mogeleg avstand mellom anlegg og aktørar, peikar dei på i søknaden.

For å få ei betre utnytting av lokaliteten ved Sskorpo ønskjer Sjøtroll å leggja anlegget litt lenger innover i fjorden. Her vil det bli sikrare å fortøya og betre vind- og straumforhold samstundes som avstanden til kvit sektor vil vera gunstigare.

Av Ola Matti Mathisen

